Nye Ålesund kommune
Haram - Sandøy - Skodje - Ørskog - Ålesund

**Under punkt 3 bedt om at bedt om at leder tar opp Møtereferat**

**Delprosjekt: Delprosjekt A8; Matrikkel, kart og oppmåling**
**Møtestad: Skodje Rådhus**
**Dato:25.01.2018**
**Tid: 09.30- 15.00**
**Møteleiar: Per Anders Aure**

| Deltakere: | Kommune/repr. |
|---|---|
| Per Andres Aure | *Ålesund* |
| Knut Helge Skare | *Ålesund* |
| Kjetil Grytten | *Haram* |
| Sol Slinning | *Sandøy* |
| Kim Andre Breivik | *Sandøy* |
| Bent Leite | *Skodje* |
| Knut Berg | *Skodje* |
| Beate Furstrand | *Ørskog* |
| Halldor Lillebø | *Tillitsvalgt* |
| Wenche Mork | *Kartverket* |
| Sverre Steinnes | *Kartverket* |

**Saksliste:**

1. **Godkjenning av møtereferat frå møte den 06.12.2017 i Brattvåg**
2. **Endring av gatenamn – Statusrapport frå alle kommunane**

3. **Informasjon om utforming av kravspesifikasjon til nytt kartforvaltningssystem**
4. **Kommunesamanslåing – anbefalte gardsnummer – e-post frå Kartverket**
5. **Kartverket informerer om**
   - **Kommunereform Matrikkelfaget**
   - **Praktiske oppgåver for kommunane**
6. **Eventuelt**

**Referat og konklusjoner:**

| | Sak | Ansvar/ tidsfrist |
|---|---|---|
| 1 | **Gjennomgang av referat frå møte den 06.12.2017**<br><br>- Ingen merknader til møtereferatet | |
| 2 | **Endring av gatenamn – statusrapport frå kommunane**<br><br>• Ålesund: Bydelsutvala fremmer forslag om eit namn pr veg. 5 bydelsutval er berørt. 3 har hatt møte pr dato, det gjennstår to, det siste har møte den 30.01.18. Namneforslaga er kvalitetssikra av administrasjonen.<br>Namneforslaga frå bydelsutvala vert sendt språkrådet til uttale.<br><br>• Ørskog: Namnenemda har møte tysdag 30.01.18 og velgjer eit namn pr. veg. Det vert gjennomført ei offentleg høyring og framlegg til nye namn vert sendt språkrådet.<br><br>• Haram: Kulturutvalet velgjer eit namn pr.veg. Kulturutvalet har møte tysdag 30.01.18.<br><br>• Sandøy: Namnenemda har møte den 25.01.18 og velgjer eit namn pr.veg. Forslaget vert sendt til språkrådet for uttale.<br><br>• Skodje: Namnenemda hadde møte den 24.01.18 og handsama innkomne framlegg. Enkelte vegar hadde fleire forslag til namn. Det vart vedtatt å legge ut til høyring alle framlegg til vegnamn som ikkje hadde namnelikheit med | |

| | | |
|---|---|---|
| | eksisterande namn eller framlegg til nye namn. Offentleg høyring (heimesida, avis) og sendast språkrådet.<br><br>Kartverket har anbefalt at framlegg til nye vegnamn vert sendt kartverket (berit.sandnes@kartverket.no) samstundes med oversending til språkrådet. Ein vil då på eit tidleg stadium avklare om det kan bli reist namnesak.<br><br>Lista over namneforslag vart gjennomgått. Alle må forholde seg til lista som ligg i prosjektportalen.<br>Knut Helge har lagt til eit merknadsfelt i lista.<br>Namneforslag som skal sendast språkrådet vert merka med ja.<br>Namneforslag som ikkje er aktuelle merkes med nei og gis en egen farge (grå). | Alle |
| 3 | **Kartforvaltningssystem**<br><br>Knut Helge orienterte om status på arbeidet i arbeidsgruppa som skal utforme kravspesifikasjon til nytt kartforvaltingssystem. Arbeidsgruppa har hatt tre møte og har utarbeida ein kravspek. Dokumentet som var på førehand sendt til medlemmane i prosjektgruppa vart gjennomgått.<br><br>Arbeidsgruppa vert beden om å vurdere ein ny tekst i pkt. 2.1.2<br><br>Det vart referert frå møte som arbeidsgruppa hadde den 11.01.18 med prosjektleder, leder av A4 og innkjøpsavdelinga i Ålesund. Spørsmål rundt anskaffelse skal handterast av arbeidsgruppa og konserninnkjøp i fellesskap. Det vart og drøfte om det var nødvendig å endre mandatet for arbeidsgruppa, men det er ikkje aktuelt.<br><br>Finansiering<br>Fordeling av kostnadane var diskutert . Kvar kommune må dekke sin andel av kostnadane med prosjektet fram til 2020. Knut Helge har utarbeida eit forslag til fordeling som er sendt til alle i prosjektgruppa.<br><br>Alle må i sin organisasjon vurdere forslag til fordeling og avklare finansieringa for 2018/2019. | Knut Helge<br><br>Alle |

| | | |
|---|---|---|
| | Per Andres utarbeider eit notat/søknad om midlar til finansiering av kartforvaltningssystem til Fellesnemnd for Nye Ålesund. | Per Anders |
| 4 | **Kommunesamanslåing – anbefalte gardsnummer**<br>Kartverket har sendt brev til all kommunane med forslag til nye gardsnummerserier for kommunen.<br>Forslaget går ut på at Ålesund bruker dagens gardnummerserier<br>Haram får ny gardsnummerserie 303 -481<br>Skodje får ny gardsnummerserie 502 -568<br>Ørskog får ny gardsnummerserie 570 – 609<br>Sandøy får ny gardsnummerserie 701 – 716<br><br>Forslaget frå Kartverket vart drøfta. Ørskog er i Kartverket sitt forslag fått ein nummerserie som er ein vidareføring frå Skodje.<br><br>Ørskog må vurdere om det er ønskeleg med ein ny nummerserie dvs. 670 -709. Dette for følgjer for Sandøy så det må avklarast i fellesskap. Når slik avklaring foreligger gis det beskjed til Per Anders.<br><br>Sandøy må rydde i matrikkelen. Dette gjeld gårdsnummer 2207.<br><br>Per Anders avklarer med prosjekteier om Prosjekt A8 kan sende ein felles søknad til Kartverket for alle kommunene.<br>Frist for slik søknad er sett til 03.04.2018 | Beate/Sol<br><br>Sol<br><br>Per Anders |
| 5 | **Orientering frå Kartverket**<br>Wenche Mork og Sverre Steinnes viste en Power-point presentasjon som Kartverket nytta i møte med rådmenn, ordførar og teknisk sjef i Nye Ålesund kommune på Sjøholt den 18.01.2018. Presentasjonen ligg i prosjektportalen.<br><br>*Gardsnummerserier*<br>Det er ikkje nødvendig med varsling til alle grunneigarar. Det er tilstrekkelig med å orientere om endringa i aviser, på kommunen sin nettside eller Facebook.<br>Ein bør bruke kommunikasjonsrådgivar i nye Ålesund til dette arbeidet. | |

| | | |
|---|---|---|
| | *Adresser*<br>Når alle nye vegnamn er vedtatt må adressekodane for alle vegar endrast. Dette bør gjerast maskinelt og Kartverket kan bistå kommunane i dette arbeidet.<br>Nye adressekoder må vere gitt før samanslåing av kommunane.<br><br>*Vegnett*<br>Kjetil og Sverre Steinnes avklarar om det er mogeleg med ei maskinell oppdaterting av  vegkoder i vegnett eller om det må gjerast manuelt.<br><br>*Kretsar*<br>Likenamn og nr på kretsane skal ikkje førekome.<br>Endring av kretsnummer vert gjort av kommunane administrativt.<br><br>Endring av grunnkrets – Vedtaksmynde SSB<br>Endring av skolekrets/valgkrets – Vedtaksmynde kommunestyre<br>Endring av kirkesogn – Vedtaksmynde bispedømmerådene<br><br>Valgkretser må være avklart og vedtatt samt ført i matrikkelen innen 31.03.2019 og meldes kartverket.<br><br>*Avvikslister*<br>Kartverket har utarbeida avvikslister over avvik i matrikkel/grunnbok som må rettast før samanslåinga. I samband med kvalitetsheving av matrikkelen er det utarbeida avvikslister som ein bør rette. Listene ligg i prosjektportalen for kvar kommune.<br><br>Det vert laga til eit rekneark med oversikt over alle avvikslister  for kvar kommune. Etter kvart som listene vert sjekka ut vert dette registert i reknearket.<br><br>Følgjande er ansvarleg for å følgje opp dette arbeidet:<br><br>Ålesund | Kjetil<br><br>Per Anders<br><br>Per Anders |

| | | |
|---|---|---|
| | Skodje<br>Ørskog<br>Sandøy<br>Haram<br><br>Utgåtte bygg<br>Utgåtte bygg (revet/brent) blir ikkje med i ny kommune men blir liggande i dei gamle kommunane.<br>Dersom bygg registert som revet/brent er beståande bygg må dette rettast i matrikkelen før samanslåinga. | Bent<br>Beate<br>Sol<br>Kjetil |
| 6<br><br>6.1<br><br><br>6.2<br><br><br>6.3<br><br><br><br><br>6.4 | **Eventuelt**<br><br>Lokal adresseforskrift. Ørskog kommune har lokal adresseforskrift som må opphevast før 01.01.2020. Ørskog kommunestyre har vedtaksmynde<br><br>Notat vedr. endring av adressenamn frå kommuneadvokaten vert lagt ut i prosjektportalen<br><br>Det skal gjennomførast eit møte med Helge Veum som er ansett som IT konsulent i nye Ålesund kommune om kartforvaltningsystemet den 06.02.2018 kl. 09-11.00. Dersom nokon i prosjektgruppa er interessert i å delta på møte ta kontakt med Per Anders i løpet av veke 5<br><br>Nytt Møte: Sandøy : Torsdag 08.03.2018 kl.10 – 15.00 | <br><br>Beate<br><br><br>Per Anders<br><br><br><br>Alle |